

**Sakshandsamar:**

Idar Sagen  
E-post: idar.sagen@sfj.no  
Tlf.: 41530964

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/1513-1  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

4981/16

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 08.02.2016

**Kommunane i Sogn og Fjordane  
Organisasjonar som driv haldningsskapande arbeid  
Bygge- og eigedomstenesta, internt**

## Fylkeskommunalt ENØK-fond - utlysning av støttemidlar for 2016

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta i 2003 eit enøk-fond med ein grunnkapital på 10 millionar kroner. Fylkesutvalet er fondsstyre og forvaltninga skjer i tråd med gjeldande vedtekter. Maksimal årleg tildeling er 2 millionar kroner. Fondsmidlar vert lyst ut årleg.

Tilskotsordninga vart evaluert i 2012 og fylkesutvalet vedtok at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor dette saksområdet skal integrerast i arbeidet med å følgje opp Klima og miljøplanen frå 2009. I handlingsplanen for klima og miljøarbeidet i perioden 2014-16 er det sagt at tildeling frå ENØK-fondet skal halde fram, til fondet er tomt. Støtteordninga vert no utlyst med søknadsfrist 01.04.2016.

Tiltak som kan støttast er enøk-analyser, enøk-investeringar i bygningar og driftsanlegg, opplæring av nøkkelpersonell, samt haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. For søknader om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg, vil det normalt bli stilt krav om gjennomført enøk-analyse av nyare dato (ikkje eldre enn 2-3 år). Med unntak for haldnings-skapande arbeid/informasjon, er støtteordninga berre tilgjengeleg innafor kommunalt og fylkeskommunalt verkeområde.

Søknad om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg må settast opp slik at energisparepotensialet ved dei ulike tiltaka kjem tydeleg fram. Søkjar må gje opp samla kostnader til det/dei einskilde tiltak/tiltaka. Kommunane får refundert meirverdiavgift. Når støtte vert rekna i prosent av tiltakskostnad, er berekningsgrunnlaget kostnader eksklusive meirverdiavgift. Vedtekter for fondet og rettleiande satsar for å gje støtte, går fram av vedlegg. Elles gjeld dette:

- Støttesats for skifting av vindauge og ytterdører er 5%. U-verdi skal vere betre enn 1,2.
- Varmepumpe – frå luft til vatn er ikkje nemnt under tilskotssatsane. Her vert det praktisert same satsar som for jord/fjell til vatn.
- Behovsstyring , luftbehandlingsanlegg: satsane gjeld både styring ved bruk av ur og behovsstyring.

Tidlegare saksutgreiingar og vedtak kan søkjar hente frå [www.sfj.no](http://www.sfj.no) ved menyval: Politikk -> Politiske møte og saker -> Fylkesutvalet. Aktuelle saker dei siste fem åra er: 50/11 (27.04.2011), 61/12 (23.05.2012), 64/13 (26.06.2013), 73/14 (04.06.2014) og 58/15 (03.06.2015).

Vi ber om at søkjarar som fekk tildelt støtte under 2015-tildelinga, og som ikkje har fått utbetalt aktuelle beløp, opplyser om status for gjennomføring av tiltaka. Midlar frå 2015-tildelinga som ikkje er utbetalt pr. utgangen av 2016, vert verande i fondet.

**Søknadsfristen er 1. april 2016.** Aktuelle søknader vil bli lagt fram for fylkesutvalet i møte 01.06.2016. Søkjarane vil få melding straks etter dette, men vert elles ikkje varsla undervegs i prosessen. Kontaktperson hjå oss er Idar Sagen, idar.sagen@sfj.no, tlf. 57 88 47 54.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff  
fylkesdirektør

Idar Sagen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

1. Vedtekter
2. Satsar for tildeling (retteiande)

Sjå også <http://www.enova.no> for statlege stønads-ordningar for ulike energieffektiviserings-prosjekt.